

# SPORT

Stordal Alpin:

## Løparar til Gol for internasjonal kvalifisering

No i helga er sju alpinistar frå Stordal på plass i Gol og Hemsedal for å køyre slalåm og storlålåm.

BB • EDMUND MELKILD

- Her konkurrerer vi mot dei beste i landet, og desse renna tel som kvalifisering til internasjonale bamerenn i Italia i mars månad, seier Magne Tøsse i Stordal Alpin. – Stordal Alpin har vore representert med løparar i desse kvalifiseringsrenna dei siste 4-5 åra.

**Mange jenter**

Av dei sju alpinistane som skal

konkurrere i Gol og Hemsedal, finn vi 6 jenter. I klasse 12-13 år viser resultatlistene at jentene frå Stordal har dominert dei første lokale renna denne sesongen. Heile 5 av jentene deltek i denne klassen. Som einaste gutt i troppen finn vi Sander Grønningsæter, som stiller i klasse 12-13 år. Ingrid Busengdal konkurrerer i klasse 14-15 år, som den einaste blant Stordalalpane i eldste klasse. Jentene som deltek i klasse 12-13 år er Rebekka Helland, Amalie Ekroll Hove, Kristiane Nakken, Kine Kvammen Tøsse og Andrea Vinje Tøsse.

**Til Italia**

- Ut frå resultatata i denne helga

blir det plukka ut to jenter og to gutar i klasse 12-13 år som skal representere Noreg. I klasse 14-15 år blir det tekne ut tre jenter og tre gutar. Seinast i fjor deltok Jørgen Vinje Tøsse i dei internasjonale renna i Italia, og tok ein veldig sterk fjerdeplass bak to tyskarar og ein japanar. Tidlegare har både Erika Holand Tøsse og Vegard Busengdal teke medaljar i dei same renna. Dette syner at den breie satsinga på alpinsporten i Stordal alt har gitt svært gode resultat.

Sander Grønningsæter på veg ned storlålåmløypa på Bjorli. (Foto Stordal Alpin, Hallgeir Hove) ▶



Kristiane Nakken på veg ned til andreplass under storlålåmrennet på Bjorli sist helg. (Foto Stordal Alpin, Hallgeir Hove)

